

Til offentlege organ og interesseorganisasjonar
Naboar, grunneigarar og andre i nærmiljøet

Dato: 13.06.2025

INFORMASJONSREV

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSARBEID FOR **HANSVIKA NÆRINGSOMRÅDE**, HERØY KOMMUNE

I informasjonsbrevet som følgjer står det meir informasjon om planarbeidet, bakgrunnen for det og korleis ein skal kome med sine innspel. Sjå heile planinitiativet, referat frå oppstartsmøtet, politisk vedtak om oppstart av planarbeid og kart med planavgrensing her: <https://prodeco.no/kunngjoring>



Figur 1: Hansvika Næringsområde, Moltuvegen 260



KUNNGJERING AV PLANOPPSTART – HANSVIKA NÆRINGSOMRÅDE

ANSVARLEGE

Fagkyndig	PRODECO AS Tine Marie Frostad Valde tine@prodeco.no 909 52 563
Forslagsstiller	Pelagia AS Lars Ove Spilde lars.ove.spilde@pelagia.com
Heimelshavarar	Pelagia AS
60/34	Kjartan Moltu
60/3	<i>Ingen tinglyst eier (fylkesveg).</i>
60/372	Johanne Moltu Lundberg
60/28	Palmar Moltu og Svein Arne Moltu
60/27	Roger Peder Moltu
60/24	Per Ståle Moltu
60/84	

HENSIKT

I gjeldande kommuneplan for Herøy kommune er området i Hansvika avsett til næringsformål på land og havneformål i sjø. Føresegnene til kommuneplanen still krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan før det kan gjennomførast tiltak som krev søknad og godkjenning etter plan- og bygningslova § 20-1, medrekna frådeling, nybygging og andre tiltak i området.

Føremålet med reguleringsarbeidet er å leggje til rette for vidare utvikling og modernisering av eksisterande industriområde, og sikre føreseieleg og berekraftig arealbruk i tråd med kommunens føringar. Planarbeidet omfattar både landareal og sjøareal, og tek utgangspunkt i eksisterande bruk av området, der det tidlegare har vore produksjon av sildemel og -olje. I dag eigast og drivast eigdommen av Pelagia AS.

Reguleringsplanen planleggjast å omfatta følgjande planføremål:

- **Industri- og næringsformål**, inkludert industri- og lagerbygg
- Hamneanlegg med **molo, kaier** og mogleg utdjuping i sjø
- Etablering av nye ensilasjetankar for lagring av fiskeensilasje
- Forbetring av tilkomstforhold, **veg** og utbetring av krysset mot hovudvegen


Planområdet omfattar også ubygde areal på ein odde, som i dag nyttast til utandørs lagring. I sjø vil det avsettast både havneareal og friområde. Planarbeidet vil i hovudsak være i samsvar med kommuneplanens arealdel, men enkelte tilpassingar og avklaringar må vurderast nærmare i planprosessen.

Det er viktig at reguleringsplanen gir ein god balanse mellom næringsutvikling, omtanke til naboar og miljø, samt tilpassing til landskap og stadleg karakter. Planen vil difor også omfatte vurdering av landskapspåverkingar, støy, lukt og andre miljøforhold, samt tiltak for å ivareta barn, unge og andre som planen kan få verknad for.

KUNNGJERING AV PLANOPPSTART – HANSVIKA NÆRINGSOMRÅDE


PLANAVGRENSNING OG FORHOLD TIL EKSISTERENDE PLANER

Planområdet omfattar eigedom gnr. 60 bnr. 34, samt delar av 60/3, 60/28, 60/84 og 60/372, og ligg nordaust for Moltustranda sentrum. Eksisterande bygningar, eldre anlegg og ubygde areal inngår i planområdet, som òg omfattar sjøareal. Totalt areal er om lag 158,7 dekar.



Figur 2: Planavgrensning

I gjeldande kommuneplan er området sett av til næring- og hamneformål, og det er krav om detaljreguleringsplan før tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 kan gjennomførast.



Figur 3: Gjeldande kommuneplan. Planavgrensning vist i blå stipla linje.



KUNNGJERING AV PLANOPPSTART – HANSVIKA NÆRINGSOMRÅDE

FORSKRIFT OM KONSEKVENsutREDNING

Etter §8 a) i forskrifta om konsekvensutreiingar skal reguleringsplanar for tiltak nemne i vedlegg II konsekvensutgreiast (utan planprogram og melding), om reguleringsplanen ikkje er i tråd med overordna plan.

Aktuelle punkt i vedlegg II:

10.a) Utviklingsprosjekter for industriområder.

10. e) ii. Bygging av havner og havneanlegg, herunder fiskehavner og offshorerelaterte havner

10.k) Bygging av erosjonsforebyggende kystanlegg og vannbygging til sjøs som kan medføre endringer av kysten, f.eks. diker, moloer, sjeteer og andre bygg til vern mot havet, bortsett fra vedlikehold og gjenoppbygging av slike anlegg.

Reguleringsplanen vil omfatta bygging av ein molo som nemnd over her, utviding av eksisterande fiskerihamn og auka bruk av industriområdet. Tiltaka er **delvis i tråd med overordna plan**, og nokre av tiltaka kan resultere i negative konsekvensar for naboar og lokale naturverdiar, i tillegg til friområde i Kyrkjegardsvika og kulturmiljøet «Flåværløira». Det vurderast dermed dit hen at detaljreguleringsplanen er konsekvensutgreiingspliktig etter §8a).

Konklusjon

Det er vurdert at reguleringsplanen **ikkje utløyser krav om planprogram eller melding**, men at tiltaket likevel er konsekvensutgreiingspliktig etter § 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar. Det vil bli gjennomført ei konsekvensutgreiing som ein integrert del av planarbeidet, der ein mellom anna ser på mogleg påverknad på naboar, naturmangfald, landskap og kulturmiljø.

Vi vurderer at det skal nyttast eksisterande informasjon, og/eller innhente meir kunnskap ved hjelp av undersøkingar/rapportar/analyse/konsekvensutgreiingar for følgjande tema:

- Grunnundersøkingar/geoteknisk vurdering
- Ras og skredfare
- Forurensing i sjø og på land
- Stormflo
- Støy
- Lukt
- Landskap (fjern- og nærverknad)
- Naturmangfald



KUNNGJERING AV PLANOPPSTART – HANSVIKA NÆRINGSOMRÅDE

FRIST FOR INNSPEL

Som part i saka vert du invitert til å kome med innspel til planarbeidet. Vi oppmodar særleg om at eventuelle merknadar knytt til bruk, nærmiljø eller andre forhold som kan få betydning for planarbeidet vert sendt skrifteleg.

Frist for å sende innspel er normalt 3 veker, men med omsyn til sommarferie er fristen utvida til litt over 5 veker.

Innspel skal sendast til plankonsulent **innan søndag 20. juli 2025**.

Prodeco AS v/Tine Marie Frostad Valde

E-post: tine@prodeco.no

Evt. per post: Vikaveien 33, 8622 MO I RANA

Kopi av innspel kan sendast til postmottak@heroy.kommune.no

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål eller ønskjer meir informasjon.

Med vennleg helsing

Tine Marie F. Valde

Plankonsulent, Prodeco AS

E-post: tine@prodeco.no

Tlf: 90952563